

LINDÅS KOMMUNE  
Lindås kommune Eigedomsdrift  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

Dykkar ref:  
Vår ref: 2015/1065  
Dato: 18. januar 2018  
Org.nr: 985399077

|                       |              |                 |
|-----------------------|--------------|-----------------|
| LINDÅS KOMMUNE        |              | 25-January-2018 |
| Klassering            |              |                 |
| 25 JAN 2018           |              |                 |
| Ark. saksnr. 17/16839 | Løpenr.      |                 |
| Saksboks              | Tilgangskode |                 |

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

## Innrapportering av vassverksdata 2017

Rapportering av vassverksdata for 2017 Du/de har eit vassforsyningssystem, som produserer (eller leverer) minst 10 m<sup>3</sup> drikkevatt pr. døgn. Eller, dersom produksjonen reknast om til personar, forsyner minst 50 menneske eller meir. Dette betyr at du pliktar å rapportere inn vassverksdata (sjå drikkevassforskrifta § 25).

**Frist for å rapportere inn er 15. februar 2018.**

### Data om vassverket er viktige og brukast av mange aktørar.

Godt drikkevatt betyr mykje for samfunnet, og plikta til å rapportere er difor fastsett i forskrift. Dataa hjelper oss i tilsynet med vassverka, og gjev oversikt over vassforsyningar i ein beredskapssituasjon. Mattilsynet leverer òg data til ei rekke andre aktørar, som Statistisk Sentralbyrå, Folkehelseinstituttet og EU. Dataa blir brukt som grunnlag for viktige politiske avgjerder, både lokalt og nasjonalt.

### Kontroller svara før du sender inn- Slepp å få rapporteringa i retur.

Det er viktig at du svarar på alle felta, og sjekkar nøye at tala er rette. Når det gjeld analyseresultata, må desse leggjast inn med same eininga som er brukt i drikkevassforskrifta. Nokre gonger er resultatet frå laboratoriet gjeve i mikrogram (µg/l), medan forskrifta ofte krev at det leggjast inn som milligram (mg/l).

Døme: Oppgjev 200 µg/l jern som 0,2 mg/l jern, sidan 1 mg = 1000 µg. Komma feil, eller at ein legg inn eit tal for mykje eller for lite, skjer ofte. Dette skapar sjølvstøtt problem når tala skal brukast.

### Hugs å fylle ut felta om alternativ-/reservevassforsyning.

Desse registreringane viser om du som vassverk tek hand om leveringstryggleiken (sjå forskrifta § 9). Leveringstryggleik inneber at vassverka skal kunne levere trygt og nok drikkevatt til alle abonnentar, både under normalt drift og i situasjonar der ordinær vassforsyning sviktar. Dette er eit krav styresmaktene har hatt og vil ha aukande merksemd retta mot i tida som kjem.

### Har du hugsa å registrere koordinatane?

Det er obligatorisk å stadfeste inntakspunkt med koordinatar. Verdiane som registrerast skal vere i samsvar med UTM 33. Dette er viktig informasjon som medverkar til at ulike samfunnsaktørar ikkje er uheldige og ureinar vasskjelda.

**Ekstrarundar er ressurskrevande- For både deg og oss** Viser innrapporteringa seg å ha manglar, vil ho som hovudregel bli sendt i retur. Medan du som let vere å rapportere, risikerer å måtte betale løpande tvangsmulkt. Hjelp oss å gjere Mattilsynet meir effektivt, og lever korrekt innrapportering til rett tid!

Les rettleiinga på [http://www.mattilsynet.no/mat\\_og\\_vann/vann/vannverk/](http://www.mattilsynet.no/mat_og_vann/vann/vannverk/) før du startar på innrapporteringa.

Med helsing

Aslaug Sandvin  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.  
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Avsender: Mattilsynet  
Postboks 383  
2381 Brumunddal

17

Lindås kommune Egedomsdrift  
Stølen 7  
5911 ALVERSUND

## **Innrapportering av vassverksdata 2017**

Vedlagt følger dokument fra Mattilsynet.

Har du spørsmål kan du kontakte oss ved å sende e-post til [postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no) eller ringe 22 40 00 00.

